





Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sødorp kyrkje

KYRKJEBLAD

for

NORD-FRON

Nr. 2 • JUNI 2022 • Årgang 67



Foto: Kathrine Ruset Sletten

*Salig er det folket som kan rope av jubel.
De vandrer i lyset fra ditt ansikt, Herre.*

www.nord-fron.kirken.no

TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor
Tlf 612 16 290
Sekretær: Grete Bakken
Tlf 612 16 290

KONTORTIDER:
Kl 09.00-13.00
og elles etter avtale

SOKNEPREST:
Gunnbjörg Oladottir
Tlf. kontor 612 16 293

Vikarprest:
Terje Elvestad
Tlf. kontor 612 16 272
Mobil 45 61 17 72

Vikarprest:
Duh Tong
Tlf. kontor 612 16 294
Mobil 98 45 14 00t

DIAKON:
Per Øyvind Fredin
Tlf. 95 78 78 24

TRUSOPPLÆRAR:
Kathrine Ruset Sletten
Tlf. 95 08 67 08

KYRKJEMUSIKAR:
Iren Falkenhaus. Mobil 96 73 95 50

ORGANIST:
Bernt Fauske. Tlf. 406 03 269

SØDORP SOKN
Soknerådsleiar:
Kirsten Dina Leine. Tlf. 901 01 690
Kyrkjetenar:
Anders Stø. Tlf 909 60 650
Kyrkjetenar:
Frank Varpestuen/graver. Tlf 456 06 026
Kyrkjetenar Ivar Kvande
Tlf. 951 58 927

KVAM SOKN
Soknerådsleiar:
Egil Myhre
Tlf. 970 67 723
Kyrkjetenar:
Svein Fredrik Kjæstad
Tlf 908 45 584

KVIKNE SOKN
Soknerådsleiar:
Kristian Ekre
Tlf 612 95 832/911 31 563
Kyrkjetenar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

SKÅBU SOKN
Soknerådsleiar:
Unni Bøyum Kluge
Tlf 932 92 209
Kyrkjetenar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

FAMILIE-RÅDGJEVING
Familievernkontoret, Otta
Storgt 21, 2670 Otta
Tlf 612 30 536
Kl 09.00 – 14.00

Grafisk produksjon:
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.
www.dg-trykk.no




HEIM OG KYRKJE



Døypte

KVAM:
Kari Røssummoen Randen
Emil Nymoen-Fjerdingsren
Hedvig Halling Hermansen

SØDORP:
Marie Mørk Slaastuen
Mikkel Brennhagen Tangen
Emma Rønshaugen Bjørkheim
Saga Kjørstad Haugen
Mari Myrvold
Ada Tarud Pettersen
Emma Venåsen Bergum
Malin Andersson



Døde

KVAM:
Jon Ingemann Haugen
Guri Erlandsen
Tove Solhaug

SØDORP:
Thoralf Pedersen
Solveig Øiumshaugen
Odd Egil Brandvold
Magnar Kristiansen (bisettelse)
Dagny Karlsen
Stig Johan Hermansson
Oddbjørg Brende
Jonny Dalseghagen (bisettelse)
Anne Lise Fagervold
Mary Astri Øverjordet
Olav Bjarne Dybvadskog (bisettelse)
Thorvald Bakken
Håvard Bjørkheim

KVIKNE:
Inger Kristine Ulsletten

SKÅBU:
Tove Karin Vaal (urnenedsettelse)
Ivar Engevd (bisettelse)
Sofie Ingeborg Kampesæter
(urnenedsettelse)

v. pps

VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266 SØDORP: 135692
KVAM: 113553 SKÅBU: 115389

Kyrkjekontorets e-post-adresse: grete.bakken@nord-fron.kommune.no

Heimeside: www.kirken.no/nord-fron

NESTE NUMMER

av Kyrkjeblad for Nord-Fron kjem ut hausten 2022.
Frist for stoff: 15. september.

KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør for kyrkjebladet er Bjørn Kjellsson Sletten, bjorn.sletten@gmail.com.
Redaksjonskomite: Unni Bøyum Kluge (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),
Morten Sylte (Kvam) og Aase Toxe Tveit (Sødorp).

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra
Kontonummer: 2095.49.59768

Feira frigjeringa med gode historier

8. mai vart frigjerings- og veterandagen markert i Kvikne - og nokre av dei som opplevde både krigen og fredsvåren fortalte om sine opplevingar.

Kyrkja feira frigjeringa i Kvikne bygdahus med ei messe med fokus på frigjeringa i 1945. Etter messa var det kake og kaffi.

- Då hadde vi og eit intervju med tre personar som opplevde krigstida. Dei var fødte i 1933, 1934 og 1935, fortel diakonimedarbeidar Per Øyvind Fredin.

Saman med Linnea Bakken intervjuar han personane, som i dag bur i Kvikne og Tverrbygda, om kva dei hugsa frå krigen og då freden kom til landet i 1945.

- Dei vart intervjuar om kva tanker dei hadde då krigen kom til Noreg. Dei såg mørkt på det, sjølv om dei følte seg langt borte og avsides frå byane i Noreg, seier Fredin.

Radioforbod

Då krigen kom vart det forbode å høyre radio i Norge. Med radio kunne ein få inn radiosignal frå London, som var strengt forbode. Men desse sendingene var viktige haldepunkt for frigjeringskampen. Då tyskarane okkuperte Noreg, tok dei kontrollen over NRK og brukte radioen som sin fremste propagandakanal.

- Solveig Aasen fortalte om det å ha radio under krigen. Tanta hennar satt på toget frå Lillehammer til Sør-Fron, med radio som ho fekk med seg heim. Solveig hugsa dei strenge forboda mot å ha radio under krigen. I dag er Solveig svært stolt over at ho som 7- åring ikkje

fortalte nokon at dei hadde radio under krigen. Ho fortalte og om koda språk på radio som for henne ikkje gav meining. Men ho gjorde seg nokre tankar om kva dette betydde. Eksempel på ei slik kode var «kua har fått kalv», seier Per Øyvind Fredin.

Aasen kunne òg fortelje om restriksjonar for kor mange gardsdyr dei hadde lov å ha, og ikkje ha, og korleis familien hennar skjulte overtallige dyr.

- Dei skjulte kyr ved å dekke dei til med høyr på låven. Dei var redde for at tyskarane skulle oppdage dei. Om kva slags konsekvensar dette kunne føre til kan vi berre tenkje oss til, seier Fredin.

Våren 1945 kom kunngjeringa over radio om at det var fred i Noreg.



God stemning under markeringa av frigjerings- og veterandagen i Kvikne bygdahus 8. mai.

Dugnad på kyrkjegardane



I vår har det tradisjonen tru vore dugnad på kyrkjegardane våre. I Skåbu var det mykje folk og god innsats som kyrkjebladets utsendte dokumenterte med kameraet!

Konfirmantar i Sødorp kyrkje 2022



1. rekke frå venstre: Maria Bjonke, Maria Bratlien Ulekleiv, Mia Haugen Bergheim, Rikke Anemone Tokvam, Terje Elvestad, Line Slettmoen, Lijja Brubak Nedrebo, Selma Haanshus, Sara Skogstad, Brandvold, Anna Roguli
2. rekke frå venstre: Astrid Sjøstad, Sofie Nygård Fargervold, Mari Stenberg Sandvold, Saga Ringen Dalseghagen, Anne stigen.
3. rekke frå venstre: Noah Bratlien, Syver Tokvam, Ole Kristian Gunnarstuen, Trym Harildstad.
4. rekke frå venstre: Daniel Grande Haugen-Ottesen, Helmer Aspsläen, Simen Moen Sletten, Liam Alexander Skurengslien Kjosmoen, Tor Kristian Bakken, Magnus Lillebråten, Magnus Ringlund, Even Tårud, Simen Nyhus Brende.

Konfirmantar i Kwam kyrkje 2022



Framme frå venstre: Åsbild Krok, Tuva Hanslien, sokneprest Gunnbjørg Oladottir, Hanne Bentdal-Nordlien og Ragnbild Ruststuen.
Bak frå venstre: Johanne Klomstad, Syver Høbmen Arntsen, Mathias Øyen-Stenseng, Oskar Kolloen Thorkildsen og Nina Sofie Blekastad Saglien.

Konfirmantar i Kvikne kyrkje 2022



Frå venstre: Sokneprest Gunnbjørg Oladottir, Amund Sylte, Marie Wistad Mathisen og Vilde Myromslien.

Konfirmantar i Skåbu kyrkje 2022



Frå venstre: Mathias Sletten, Sindre Kristian Brenden, sokneprest Gunnbjørg Oladottir, Inigo Gonzalez Lima og Julia Charlotte Blekastad-Haugrud.

Globale, diakonale og misjonale merkedagar i 2022

Finn inspirasjon og ressursar til gudsteneste, trusopplæring og lokale arrangement på ressursbanken.no/merkedager eller på nettsidene nedanfor.

Bruk gjerne www.baerekraftsboka.no gjennom året.

Ressursane er verktøy som kan realisere visjonen om kyrkja som **tenande, misjonerande, vedkjennande** og **open**. Ta med ressursarket i planlegginga til kyrkjelyden, vel og gjer slik det passar lokalt!

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, misjon gjennom «Misjonsavtalen til kyrkjelyden» og skaparverkets dag er særleg viktige og utbreidde.

Openberringstida (tida frå nyttår til faste)

Den offisielle misjonstida til Den norske kyrkja. Vekt på misjon gjennom tematisering i forkynning, gudsteneste, ulike arrangement og styrking av misjonsavtalen til kyrkjelyden. Misjonsperspektiv / global kyrkje og oppdrag kan òg knytast til Kristi himmelfartsdag og pinse.

www.kirken.no/smm

Berekraftsmål: 1, 4, 5, 7, 8, 11, 12, 13, 15, 16 og 17.

Økumenisk bønemateriell

Bøner for og frå land og kyrkjer i heile verda, nye kvar veke. Bøneveka for kristen eining blir vanlegvis markert den tredje veka i januar.

www.ressursbanken.no/merkedager

Samefolkets dag

6. februar. Ressursar finn de her: www.kirken.no/samisk

Fastetida

Kirkens Nødhjelp legg til rette for ein faste der diakonien kjem tydeleg til uttrykk i kyrkjelydane. Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp blir primært markert frå søndag til tysdag før palmesøndag: www.fasteaksjonen.no

Berekraftsmål: 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 13, 16, 17.

Skaparverkets dag

Datoen er valfri, men kan knytast til FN's miljødag 5. juni, hausttakkefest eller diakonidagen. www.gronkirkje.no

Berekraftsmål: Særleg mål nr. 13, ein føresetnad for alle mål; også 7, 12, 14, 15, 16, 17, osv.

Kyrkjeveka for fred i Israel og Palestina

Vanlegvis frå søndag til søndag i samband med FN's fredsdag 21. september. Global markering på initiativ frå Kyrkjenes verdsråd. www.kirkeukaforfred.no

Berekraftsmål: 16, 17, med verknad for alle andre

TV-aksjonen

Oktober 2022, til inntekt for Leger uten grenser. Gudstenestemateriell kjem på:

www.ressursbanken.no/merkedager

Berekraftsmål: 3 med fleire.

Søndag for dei forfølgde

Andre søndagen i november (13. nov.) eller når det passar. Kan kombinerast med Global veke. www.stefanus.no

Berekraftsmål: 16 og 8, 10, 17.

Global veke mot moderne slaveri

Vanlegvis den andre veka i november (13.–20. nov.) frå søndag til søndag. Nasjonal tverrkyrkjeleg markering på initiativ frå Norges Kristne Råd. www.globaluke.no

Berekraftsmål: 8, 4, 5, 10, 16 og fleire andre.

Rettferdskonferansen

Blir arrangert annakvart år. I 2022 blir det 18. oktober. Tverrkyrkjeleg konferanse, del av nettverket The Justice Conference. www.rettferdskonferansen.no

Berekraftsmål: Særleg mål 8, 10, 13, 16

Adventstid og jul

Her finn de Kirkens Nødhjelps ressursar til kyrkjelydsblad og takkoffer julaftan:

www.kirkensnodhjelp.no/om-oss/for-kirkene/advent-og-jul/

Endeleg er kyrkja open att

Vegen til nyopninga av Kvikne kyrkje har vore lang. Søndag 22. mai kom endeleg dagen då kyrkja kunne opnast på ny etter ei omfattande restaurering som tok til hausten 2020.

Det var ei stor glede i bygda då kyrkja vart nyopna. Ordføraren, representantar frå kommunen, riksantikvaren, kyrkja og prost stilte. Og trufaste kyrkjegjengarar var tilstades. Omlag 100 menneske kom til opningsgudstjenesta.

- Ei verdig gamal dame

Under kyrkjekaffien på bygdauset etter gudstjenesta fekk vi betre kjennskap med dei som hadde vore med å bidra med restaureringa. Ordføreren heldt ein fin tale der ho omtalte kyrkja som ei verdig gamal dame med ei sentral rolle i Kvikne-bygda. Representantane frå riksantikvaren fortalde om viktigheita av kyrkja og kvifor dei har vore opptatte av å ta vare på ho.

- I perioden då kyrkja var stengt, vart det holde gudstenerer i bygdauset bortanfor kyrkja. Og det har vore gravferder på Vinstra. I perioden kyrkjebygget har vore stengt har vi kjent på eit tomrom. Dette viser kor viktig kyrkja er for eit lokalsamfunn i både glede og sorg, krise og fest, fortel konstituert kyrkjeverje Grete Bakken.

Står på solid grunn

Kvikne kyrkje har gjennomgått ein heilt nødvendig reparasjon, seier Kristian Ekre, leiar Kvikne sokneråd.

- Setningskadene i eine hjørnet, som medførte at benkane fekk helling mot vegg, tårnet som var 50-60 cm ute av lodd og ein vegg som hadde sklidd ut, måtte utbetrast så fort det let seg gjera, seier Ekre.

Med god hjelp frå Nord-Fron kommune, Riksantikvaren og snikkaren Svein Bakken, med fleire, vart arbeidet gjennomført på best tenkeleg måte.

- Det må også nemnast at Grete Bakken på kyrkje-kontoret, har vore pådrivar for gjennomføringa. Nå står kyrkjebygget på solid grunn, benkane i vater og tårnet i lodd, seier soknerådsleiaren.

Det vart også gjennomført mindre utbetringar på preikestolen.

- Takk til alle som har stått på og sett kyrkja i den stand den nå er i, avsluttar Kristian Ekre.



Frå venstre: Birgitte Bentzrød (prost), Anne Louise Gjør (malermester), Anne Marie Olstad (ordførar), Grete Bakken (kyrkjeverje), Morten Langset (Nord-Fron kommune), Svein Bakken (tømmer), Ingeborg Magerøy (Riksantikvaren), Terje de Groot (Riksantikvaren) og Kristian Ekre (soknerådsleiar Kvikne)





Bygging i Bakkestugu

Ikke stort og flott, men nyttig.



Bakkestugu er i ferd med å få en liten bod på utsiden av vegen, der vi kan oppbevare benker og bord. Ønsket har lenge vært å få frigjort fjøset som lagringsplass, slik at det kan vises fram. Og nå skjer det!

I løpet av kort tid nå vil fjøset være fjøs igjen, og hele Bakkestugu, med våningshus, eldhus og fjøs kan vises fram slik det var i Rønnaug Sagbodens tid.

Bakkestugus venner står bak prosjektet. Det er gull verdt å ha en aktiv venneforening!

Kunne hamna i Nidarosdomen – endte i Skåbu-kyrkja

Kva bitt kunstnaren Rafael, eit «nei takk» frå Nidarosdomen og ein tømmervegg 850 meter over havet saman? Svaret: Ein heilt spesiell biletvev.

Skåbukyrkja vart innvigd i 1927, men interiøret stod ikkje ferdig før nokre år seinare. Det var Per Haugen frå Vågå som skar ut altertavla og preikestolen, samt døpefonten i kleberstein. Jula 1931 kom det også ei vakkert biletvev til Skåbu-kyrkja. Og akkurat den veven har ei spesiell historie.

Den 2 x 2 meter store vevnaden syner frelsaren sitt døde legeme som blir bore til grava av to sterke karar. Med i følget er Maria Magdalena, som har gripi janda til Jesus, Josef av Arimatea og den unge Johannes. Til høgre blir Jesu mor støtta av to kvinner. Mot horisonten kan ein skimte Golgata.

– Teppet er vevd av Sigrid Mohn (1888-1959) og er ein kopi av Rafaels kjente måleri Pala Baglione, Borghe-se Entombment fra 1507, som i dag heng i Galleria Borghese i Roma. Mohn brukte åtte månader på teppet, og da det var ferdig i september 1929 vart det utstilt på Kunstindustrimuseet i Oslo og seinare i Trondheim – til

stor begeistring for publikum, skriv Elisabeth Andersen, som er forskar og kunsthistorikar ved NIKU, Norsk intitutt for kulturminneforskning.

Nidaros takka nei
Morgenbladets anmeldar skrev at teppet utmerka seg «ved sine skjønne farger, bløte linjeføring og ved et ypperlig perspektiv». Ved bruk av «alle vore nydelige plantefarger» hadde Mohn ifølgje Morgenbladet vevd eit bilete fylt med ljøs, skygge, rørsle og død. Ingen kunne



Elisabeth Andersen er forskar og kunsthistorikar ved NIKU, Norsk intitutt for kulturminneforskning.



Teppet er vevd av Sigrid Mohn (1888-1959) og er ein kopi av Rafaels kjente måleri Pala Baglione, Borghe-se Entombment fra 1507. Foto: Kirkebyggdatabasen.



Rafaels originalmaleri, som i dag heng i Galleria Borghese i Roma.

overføre eit kunstverk frå maleri til biletevev så vakkert som Mohn. Og når kunstnaren sjølv vart spurt korleis ho fekk det til, var svaret: «Jeg karver det sammen akkurat som malerne blander sine farger på paletten».

NIKU-forskar Andersen seier til kyrkjebladet at ho

tykkjer veven er «praktfull». Men korleis enda den i Skåbu?

– Husflidsraadet skjenka teppet til Trondheims domkirke i samband med Nidarosdomens 900-årsjubileum. Gåva møtte motstand frå ulike hald, og det heile enda med at veven vart kjøpt av den kunstinteresserte grosserar Alfred Johansen, som gav det til Skåbu kyrkje jula 1931. Da stod heile innreiinga i Skåbu endeleg ferdig, fortel Andersen.

Meir stemning enn i Kølnerdomen

Kunstnar Sigrd Mohn besøkte seinare kyrkja og skreiv i Aftenposten: «Et mer stemningsfullt gudshus har jeg aldri sett. Kølnerdomen med all sin prakt bragte ikke denne følelsen hos mig som den lille beskjedne høifjellskirke i Skåbu.»

Til slutt tek vi med ei lita anekdote om ein annan kopi av same kunstverk: I gravkyrkja i Jerusalem heng nemleg også ein «Pala baglione» som redaktøren fekk sjå ved sjølvsyn i 2013. Det gav nesten heimlengsel!

Kyrkjebladet takkar Elisabeth Andersen for å få lov til å bruke delar av denne teksta, som er skrivi av Elisabeth Andersen hos NIKU, og utarbeidd i samband med eit prosjekt for kartlegging av kunst og inventar i norske kyrkjebygg, og er eit samarbeid med Riksantikvaren, Norsk Håndverksinstitutt, NIKU og KA. Den opphavlege teksten vart publisert i Vårt Land-serien «Skatter fra kirkeloftet» sommaren 2021.

Kyrkja - eit land utan grenser

25. april var Sødorp kyrkje ope på ein måndag. Diakoniutvalet til Nord-Fron kyrkjelege fellesråd inviterte blant anna Tilrettelagte tenester i Nord-Fron kommune til kyrkja til den opne messa.

Ved å invitere inn i kyrkja, blir det opna eit rom der vi saman kan ha dialog og samtale i både ord og toner. Hensikta for kyrkja kunne vi seie er å inkludere ei gruppe menneske som har ikkje har same moglegheit til å kome til kyrkja, som alle andre. Men har nokre menneske meie ressursar til å inkludere, gi merksemd og omsorg enn andre? Nokon vil hevde, ja - omsorgsgivarar og profesjonelle omsorgsgivarar har meir ressursar, er sterkare, veit meir og har større definisjonsmakt. Men bør ikkje på den andre sidan kyrkja, vere ein arena der ulikskapane blir viska ut? Kyrkja kan vere ein arena der menneske finn mening saman, spelar på lag med kvarandre og møter Gud med dei ulikskapane vi ber på. Er ikkje det relasjonelle som finn stad mellom menneske større enn dei ulikskapane og skilnadane som skil oss




frå kvarandre? I den svenske salma «Stad i ljus» (Tekst og musikk: Py Bäckman), står det skrivi om eit land uten grenser. Vi er i ei tid kor både nasjonale leiarar og menneske generelt er opptekne av meg og deg, og mitt og ditt. Kyrkja bør vere ein arena som er open for alle, der vi kan dele både forventningar, hugnad og sorger på kryss av det som skil oss i møte med Gud.

Per Øyvind Fredin, diakonimedarbeidar

Trusopplæring våren 2022

Jubel, sausanking og babysong



STØRST AV ALT

Dei yngste har mange fine tilbod i kyrkja vår. Denne våren har ikkje vore nok unntak.

I mars vart alle 6-åringane inviterte til si lokale kyrkje for at dei skulle få ta imot 6-års boka «Tre i eit tre» av Runar Bang.

- Nokre dagar før gudstenesta var dei invitert til ei forsamling, der tema var påske og skulestart. Vi las utdrag frå boka og song nokre songar saman. Ungane fekk også lage seg litt påskepynt, sidan dette var berre nokre veker før påske, fortel trusopplærar Kathrine Ruset Sletten.

Det vart eit fint oppmøte i alle sokna, og eit triveleg møte med blide og nysgjerrige 6-åringar!



I mars vart alle 6-åringane inviterte til si lokale kyrkje for at dei skulle få ta imot 6-års boka «Tre i eit tre» av Runar Bang.

Fekk høyre om lammet Krølle

I mai vart alle 2-åringar inviterte til kyrkja, på ei spesiell Krølle-gudsteneste.

- På denne gudstenesta hørde vi om lammet Krølle som vart borte, og om gjetaren som ikkje ga opp før lammet vart funne att. Dette er ei historie som Jesus fortalte, som eit bilete på korleis Gud passar på oss menneske, og ønskjer at alle skal vere med i «flokken» hans, fortel Sletten.

2-åringane vart tatt med på leiteaksjonen, og heldigvis fann dei att Krølle denne gongen, også! Ungane fekk 2-årsboka med historia om Krølle, og dei fekk til og med sitt eige, fine Krølle-lam. Dette var stor stas for ungane!

Denne våren hadde vi Krølle-gudsteneste på Kirketeigen i Kvam, og i Sødorp kapell. Det skal vere i Bakkestugu i Skåbu den 3. juli, legg trusopplæraren til.



Song for dei aller yngste

Kvar torsdag frå midten av mars til midten av mai, møttest ein fin gjeng med babyar og deira mødre til babysong på Kyrkjestugu på Vinstra.

- Vi har hatt fine stunder saman, der vi har sunge, leika og dansa med babyane. Kvar gong har vi avslutta med eit felles måltid, der praten har gått om laust og fast. Deltakarane har uttrykt glede over å kunne møtast på denne måte, og det er noko som trusopplæraren også har sett fram til kvar veke!. seier Kathrine Ruset Sletten.

Dei avslutta sesongen med å besøke Sundtunet, der dei song for bebruarane. Dei fekk også halde på babyane, og stryke på dei.

- Bebruarane, og dei tilsette, sette stor pris på at vi tok turen til dei!



Kvar torsdag frå midten av mars til midten av mai, møttest ein fin gjeng med babyar og deira mødre til babysong på Kyrkjestugu på Vinstra.

Avslutta med JUBEL

Sjølv om Jubel ikkje er eit stort kor, er det eit supert kor å jobbe med, fortel dirigent Sletten.

- Vi har hatt mange fine øvingar sidan jul, og vi framførte nokre songar på ei familiegudsteneste i Kvam i vinter. I starten av juni avslutta vi året med sommaravslutning og konsert, stort sett for familie og venner. Det vart ein fantastisk avslutning på året, og det vart påpeika at jentene har utvikla seg mykje sidan julekonserten for eit halvt år sidan. Sangglede og sosialt samvær har stått sentralt i koret, og nettopp sanggleda var til å ta og føle på når jentene framførte repertoaret dei hadde øvd inn. Takk for eit fantastisk år med JUBEL!



Bildetekst: Barnekolet JUBEL avslutta sesongen med konsert på kyrkjestugu.

Takk for god innsats!

Solveig Aasen har vore tekstlesar i Kvikne i mange år, men hadde gjeve beskjed om at ho ville slutte som tekstlesar. Søndag 5. juni hadde ho sitt siste leseoppdrag og ho vart takka av med blomster frå Kvikne sokneråd og Nord-Fron kyrkelege fellelråd.

Tusen takk for den flotte jobben du har gjort Solveig.



Foto: Kristian Ekre

SpareBank
GUDBRANDSDAL
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no



Vekstra
Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70

Plass for din bedrift?
Støtt Kyrkjebladet!

Vinstra;libris

Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no
www.libris.no/vinstra

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s
2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

www.dg-trykk.no



HÅREK
FRISØRSALONG
-KVAM-



Vinstra.
Tlf 61 29 04 01

TOYOTA

DOKKEN BIL AS

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

Hageland
Bjørke



Tlf 915 750 74
Vi hjelper deg med blomster til
begravelse og andre anledninger.

OM Bakken Bygg AS
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER

Lomoen - Vinstra
Tlf. 61 21 60 00
Fax 61 21 60 01

Bakken
Begravelsesbyrå Tlf. 47 68 22 27

Lore Søndenfors
Landbruksentreprenør Tlf 901 97 409

**SENTRUMS
HJØRNET**

Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

JOBE
GRAVSTEINSERVICE AS

- Innskriftsjoner
- Oppussing
- Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.
Raskt tilbake.

Mobil: 412 56 304
Epost: post@jobegravsteinservice.no

BE Sanden Bygg AS

Tlf. 905 94 187 Bjørn Einar

abaris
APPS FOR BUSINESS

Plass for din bedrift?
Støtt Kyrkjebladet!

Peer Gynt Seterveg

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km. Den møter Kvam Sterveg på grensa Sødorp/Kvam. Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!
Se og les mer på: www.peergyntseterveg.com

Plass for din bedrift?
Støtt Kyrkjebladet!

**REMA
1000**

Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00



Kvam
Tlf 61 29 44 30

KIWI mini pris

KIWI KVAM
TLF. 612 16 850

Fron Gravstellservice AS

v/ Beathe Malerbakken. Mobil: 992 72 372. E-post: bmalerbakken@gmail.com

Vi tek oss av stell av graver med planting vår, sommar og haust samt vatning. Vi kan også ordne med pynting til påske og jul.



Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Minnesamvær, barkedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.

Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.

Skåbu Servicesenter
Hos Rødhette & Ulven

- Restaurant • Bar
- Catering • Cafe
- Kokken hjem/På hytta

61 29 55 86 - 975 62 208
2643 Skåbu - [facebook](#)

Velkommen



SKÅBU REGNSKAP AS

post@skaaburegnskap.no

Tlf.: 413 83 898



Vinstra Begravelsesbyrå AS
Lise Veikleenget, 99 58 29 43
Nina S. Veikleenget, 94 83 25 40
Døgnvakt!

STØTT KYRKJEBLADET!

Det kostar å drive "Kyrkjeblad for Nord-Fron".
Kontingenten er no kr. 150,- for 5 nummer (fyldig dobbeltnummer til jul).
Betales inn til kontonr.

2095 49 59768

Vi har to inntektskjelder:

- *Den frivilljuge kontingenten* • *Støtte-annonsene (Service-sida)*

Ekstra gaver kjem og godt med. Kyrkjebladet er viktig for arbeidet i kyrkjelydane.

VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266 • SØDORP: 135692 • KVAM: 113553 • SKÅBU: 115389

Takk for di støtte!
Helsing redaksjonen

Gudstenester i Nord-Fron 2022

	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
3.s.i treiningstida 26.juni	Inga gudsteneste i Nord-Fron (Grunna konf.leir)			
4.s.i treiningstida 3.juli Matt 9,35-38				12.00 Krølle. Familiegudsteneste Bakkestugu
5.s.i treiningstida 10.juli Matt 18,12-18	10.00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd	12.00 Sætermesse		
6.s.i treiningstida 17.juli Mark 3,13-19	Inga gudsteneste i Nord-Fron			
7.s.i treiningstida 24.juli Mark 5,25-34	12.00 Sætermesse		19.00 Kveldsmesse Nattverd	
Olsok 29.juli Luk 22,24-27	20.00 Bygdatunet Olsokmesse	18.00 Kvam kapell Olsokmesse.Nattverd		
8.s.i treiningstida 31.juli Mark 12,28-34				11.00 Høgmesse Nattverd
9.s.i treiningstida 7.august Luk 6,36-42	11.00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd			
10.s.i treiningstida 14.august Mark 11,25-26			12.00 Breistulen Søtermesse	
11.s.i treiningstida 21.august Joh 8,31-36		11.00 Høgmesse Nattverd		
12.s.i treiningstida 28.august Joh 4,27-30.39-43	11.30 Sundheim		11.00 Konf. Presentasjon. Konf.jubileum	19.00 Kveldsmesse Nattverd
13.s.i treiningstida 4.september Joh 15,13-17		19.00 Salmekveeld		
14.s.i treiningstida 11.september Matt 19,27-30	19.00 Kyrkja Salmekveld			11.00 Hausttakkefest
15.s.i treiningstida 18.september Joh 15,9-12		17.00 Hausttakke-fest. Konf. presentasjon		
16.s.i treiningstida 25.september Matt 11,16-19	11.00 Kapellet Hausttakkefest			19.00 Kveldsmesse Konf. presentasjon
17.s.i treiningstida 2.oktober Mark 5,35-43	19.00 Kyrkja Kveldsmesse Konf.presentation	11.00 Høgmesse Natverd		
18.s.i treiningstida 9.oktober Mark 1,40-45			11.00 Hausttakkefest Nattverd	